

Dm Gm Asus4 A Dm B^b C7

Du som sty - re straum og vind ut - om øy og od - da, styr du strau - man

F Dm G C C[#]dim Dm Gm A Dm

i mitt sinn, så eg ret - te kur - sen finn gjøn - na natt og skod - da.

1

Du som styre straum og vind
 utom øy og odda,
 styr du strauman i mitt sinn,
 så eg rette kursen finn
 gjønna natt og skodda.

2

Peik ut leia på mitt draft
 når det bryt om grunnan.
 Lån meg fliken av di kraft,
 hold di hand om skaut og skaft
 så eg berges unna.

3

Du som ser mi veike tru,
 veit kor tidt eg tvile,
 gje meg svaret på om du
 e den hjelpar som kan snu
 angst og ank til kvile.

4

Still så stormen om min stamn,
 du som veit mitt beste.
 Los meg mellom fallan fram
 til eg i di trygge hamn
 finn mitt ankerfeste.